



Vår dato:
14.06.2023

Vår ref:

Dykkar dato:
14.06.2023

Dykkar ref:

Til kommunane i Vestland fylke
v/leiar for land-, skog- og jordbruk,
viltforvaltar

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Hjortung, 57643089

Kartlegging av hjorten som ressurs i Vestland

Både vill og tam hjort i Vestland er ein dårleg utnyttta ressurs i dag. Dette er årsaka til at Vestland fylkeskommune i samarbeid med Stiftelsen Norsk Hjortesenter og Statsforvaltaren i Vestland gjennomfører ei kartlegging av godkjende verksemder for handtering av hjortekjøt, og korleis kommunar i Vestland legg til rette for hjortekjøt som næringsveg.

Føremålet med kartlegginga er å undersøke korleis ein kan legge til rette for auka lokal verdiskaping på hjort som ressurs i Vestland. Kartlegginga vil gi eit breitt grunnlag å byggje vidare på i lag med hjortenæringa og kommunane. Initiativet til dette kjem frå Temaplan landbruk som fylkestinget vedtok desember 2022.

Kartlegginga i Vestland er ein del av eit større prosjekt - «Meir viltkjøtt Vestland» - som er finansiert av Vestland fylkeskommune og gjennomføres av Stiftelsen Norsk Hjortesenter. Målet med prosjektet er å bidra til at Vestland som region blir eit forbilde i å utvikle hjortekjøt som næringsveg gjennom heile verdikjeda. Prosjektet skal gjere dette ved samhandling med godkjende verksemder for handtering av hjortekjøt, viltforvaltare og leiarar innan land-, skog- og/eller jordbruk i hjorterike kommunar.

Kartlegginga vil vere samansett av ei nettbasert spørjeundersøking, som tek kring 20 minuttar å svare på. Det er William Fagerheim hjå Mind the Gap AS som legg til rette undersøkinga for oss. Han vil om kort tid sende ut ein e-post med førespurnad om å delta. Han kan treffast på mobil 92 68 14 23 og e-post william@mindthegap.no.

Kontaktperson for undersøkinga hjå oss er Marit Hjortung som jobbar på Landbruksavdelinga. Ho kan treffast på e-post marit.hjortung@statsforvalteren.no

Vi håpar du har høve til å svare på undersøkinga for å utvikle hjortenæringa vidare i Vestland!

Med venleg helsing

Bjørn-Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Marit Hjortung
senior rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent